



Kviteseid kommune
Kviteseidgt. 13
3850 KVITeseid

Samfunnsdelen til kommuneplanen – Planprogram – Høyringsuttale

Vi har mottatt varsel om oppstart av arbeidet med ny samfunnsdel til kommuneplanen, og planprogram på offentlig ettersyn. Fylkesmannen i Telemark svarar med dette samla.

Plan- og bygningsloven § 4-1 set krav om det skal utarbeidast planprogram for kommuneplan i samband med varsling av planoppstart, som grunnlag for planarbeidet. Planprogrammet skal gjere greie for formålet med planarbeidet, og planprosessen med fristar og opplegg for medverknad. Vidare skal planprogrammet vise kva forhold som vil bli utreda og belyst i planframlegget. Planprogrammet for samfunnsdelen til kommuneplan for Kviteseid inneheld alle dei elementa som det er sett krav om i plan- og bygningsloven, sjå og forskrift om konsekvensutgreiing § 6. Planprogrammet verkar vel gjennomarbeidd, og vil vere eit godt utgangspunkt for arbeidet med samfunnsdelen.

Til prosess og medverknad

I pkt. 4 er det gjort kort greie for organisering av planarbeidet, med framdriftsplan og medverknad,. Forskrift om konsekvensutgreiingar sett krav om at planprogrammet skal gjere greie for planprosessen med fristar, kva for deltakarar som skal involverast og opplegg for medverknad. Vi saknar ei nærare framstilling av kva for grupper som vil bli trekt med i planprosessen, og korleis dei skal trekkast med.

Til tema i planen

Vi ser generelt at kommunen har fokus på m.a. regionsamarbeid, næringsutvikling og busetting. Dette er viktige utfordringar som det er svært positivt at blir tatt med i arbeidet med samfunnsdelen. Vi har likevel nokre innspel til tema i planen som vi ber kommunen om å vurdere i arbeidet vidare.

Miljømessige utfordringar

Av plan- og bygningsloven § 11-2 følgjer det at kommuneplanens samfunnsdel skal behandle langsiktige utfordringar, herunder miljømessige utfordringar. Derav bør kommuneplanens samfunnsdel også omfatte strategiar for langsiktig ivaretaking og utvikling av sentrale miljøverdiar i kommunen.

Fleire viktige naturområde av nasjonal verdi finnes i Kviteseid kommune. Dette gjelder mellom anna rike edellauvskogar og bekkekløfter, samt enkelte intakte slåtteenger. For langsiktig ivaretaking av artsrike slåtteenger er det avgjerande at de skjøttast på tradisjonelt vis. I denne samanheng er det mellom anna viktig å sikre et aktivt jordbruk slik at det ligg til rette for fortsatt skjøtsel og bruk av areala. Spesielt for bekkekløfter er at det i praksis ofte vil bli interesseavvegingar mellom ivaretaking av naturmangfald på den eine sida, og utnytting av kraftpotensial ved mini- eller småkraftverk på den andre sida. Samfunnsdelen bør omtale denne problemstillinga og eventuelt nedfelle prinsipp for denne interesseavveginga.

Klima og energi

Temaet Klima og energi må takast med som tema i samfunnsdelen til kommuneplanen. Klima og energi skal etter "Statlig planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunene" leggst til grunn for all planlegging i kommunane, både på overordna nivå og på detaljnivå. Under dette saknar vi og ei fokusering på tema som areal og transport, i tråd med dei statlege føringane. Samfunnsdelen til kommuneplanen bør og gje ein arealstrategi som seinare blir følgd opp i arealdelen. Lokalisering av bustadområde, næringsområde og hytteområde er ein viktig premiss for på lengre sikt å redusere transportbehovet, for på den måten redusere utslepp av klimagassar. Tilrettelegging for vassboren varme vil og vere med på å redusere energibehovet og utslepp av klimagassar.

Samfunnstryggleik og beredskap

Fylkesmannen har med tilfredsheit registrert at kommunen i sitt framlegg til planprogram til samfunnsdelen til kommuneplanen har satt fokus på samfunnstryggleik og beredskap under pkt. 5.1 Overordna mål og planprosessar.

Formuleringa i siste kulepunkt - "Fremme samfunnstryggleik ved å førebyggje risiko for tap av liv, skade på helse, miljø og viktig infrastruktur, materielle verdiar mv." – dekkar etter Fylkesmannens syn relevante problemstillingar innafor samfunnstryggleik og beredskap på ein tilfredsstillende måte.

Vi ønskjer kommunen lykke til med arbeidet med samfunnsdelen til kommuneplanen.

Med helsing

Helge Nymo
avdelingsdirektør

Kristin B. Vindvad
seniorrådgivar

Kopi til: Telemark fylkeskommune, Areal og transport, Postboks 2844, 3702 Skien

Kopi internt til:
Øystein Vatnar
Elisabeth Danielsen
Ragnhild Iversen

